

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA-Q69	21/33

Saknr	Utval	Type	Dato
075/2021	Formannskapet	PS	18.10.2021

Tilskot til drift av tømmeanlegg for bubilar og off.toalett

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune støttar innkomne søknader, og tilbyr ein 2 – årig prøveavtale for perioden 1.5.2021 – 30.4.2023 med avtalar med hhv. Kvingo Nærkjøp as med kr. 60.000 pr. år, og Haugsværtunet med kr. 70.000,- pr.år.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Formannskapssak 51/2021, og

Skriv 5: Søknad om tilskot til drift av tømmeanlegg for bubilar

Skriv 7: Toalett og toalett-tømming på Kvingo

Bubiltømming, Haugsvær og Kvingo – formannskapet ber rådmann gå i dialog og forhandle fram ei løysing (og som sak til formannskapet oktober 2021)

Uttale/Søknad

Haugsværtunet har sidan 1995 hatt tømmeanlegg for bubilar i drift .

Dette er spesielt i sommarsesongen mykje brukt, anlegget er etter det vi kjenner til einaste tømmeanlegget langs E 39 mellom Lavik og Bergen.

Vi har ein god del kostnader med anlegget. Dette gjeld tilsyn og vedlikehald, og ikkje minst kostnader til tømning.

Haugsværtunet har også eit godt vedlikehalde sanitæranlegg med 3 toalett og dusj, som er opent for alle og tilrettelagt for funksjonshemma. Dette er også svært mykje brukt av gjennomgangstrafikk.

Masfjorden kommune yter eit årleg tilskot til sanitæranlegget. Tilskotet har vore 21.000.- sidan 1988, utan oppregulering.

Vi forstår det slik at det er kommunane sitt ansvar å ha minst eit tømmeanlegg for bubilar.

Vi synes det vil vere naturleg at kommunen yter eit årleg tilskot på 70.000.- samla for våre 2 anlegg.

Då har vi økonomi til å drifte anlegga forsvarleg, med tilstrekkeleg vedlikehald og reinhald.

Utan eit auka tilskot, vil vi måtte vurdere å stenge tømestasjonen, som ikkje medfører auka omsetning i verksemdene i Haugsværtunet.

Vi håpar kommunen ser positivt på søknaden, og ser behovet for at begge anlegga våre er viktige.

Og tilsvarende søknad Kvingo Nærkjøp as med kr. 60.000 pr. år for Toalett og toalett-tømning på Kvingo

Fakta

Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)

§ 26.(kommunal tømning av slam fra slamavskillere (septiktanker), privet m.v.)

Kommunen skal sørge for tømning av mindre rensinretninger som slamavskillere og samlekommer for avslamning av sanitært avløpsvann og overvann. Det samme gjelder for oppsamlingstanker med ubehandlet sanitært avløpsvann.

Kommunen skal også sørge for nødvendige anlegg for tømning av avløpsvann fra bobiler, fritidsbåter m.v.

Vurdering

Oppdrag og dialog gjennomført, lite forhandlingsrom - vilje, men tenkjer det er positivt å støtte lokalt næringsliv i tråd med innkomne søknader, samtidig som ein tenkjer det hadde vore greitt å hausta litt erfaring, men at det hadde vore greitt å prøve dette ut i første omgang, og tilrår at det vert inngått 2 – årig prøveavtale for perioden 1.5.2021 – 30.4.2023 med evaluering og evt. vidareføring våren 2023

Konklusjon

Masfjorden kommune tilbyr ein 2 – årig prøveavtale for perioden 1.5.2021 – 30.4.2023, med evaluering våren 2023. kr. 260.000 vert avsett av 2021 rekneskapen til å dekke kostnadene med

prøveavtalen. 2/3 av årssum vert utbetalt for 2021, 1/1 tilskot 2022, og 1/3 for 2023.

Formannskapet - 075/2021

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune støttar innkomne søknader, og tilbyr ein 2 – årig prøveavtale for perioden 1.5.2021 – 30.4.2023 med avtalar med hhv. Kvingo Nærkjøp as med kr. 60.000 pr. år, og Haugsværtunet med kr. 70.000,- pr.år.